

HAUGALAND KRAFT NETT AS
Postboks 2015
5504 HAUGESUND

Vår dato: 18.03.2021
Vår ref.: 201903000-67
Arkiv: 611
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Sondre Moe Knudsen
22959303/somk@nve.no

Samtykke til oreigning for ny 132 kV kraftleidning mellom Klovning og nye Haugaland Næringspark transformatorstasjon

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) syner til søknad av 01.04.2020 frå Haugaland Kraft Nett.

NVE har, etter ei samla vurdering, funne at dei samfunnsmessige fordelane som vert vunne ved anlegget omhandla nedanfor, utan tvil er i overvekt i høve til skader og ulemper som vert påført andre. For nærare grunngjeving for vedtaket syner NVE til notatet "Bakgrunn for vedtak" av i dag.

Med heimel i lov om oreigning av fast eigedom av 23.10.1959, § 2 nr. 19, og mynde gjeve ved kgl. res. 05.11.1982, gjev NVE med dette Haugaland Kraft Nett løyve til å krevje avstått i Tysvær kommune i Rogaland fylke naudsynt grunn og rettar for å byggje, drifte og rive av ein om lag 7,4 km lang kraftleidning mellom Klovning og Haugaland Næringspark transformatorstasjonar, og Haugaland Næringspark transformatorstasjon.

Løyvet gjev rett til oreigning av eigedomsrett for følgjande areal:

- Haugaland Næringspark transformatorstasjon med et areal på ca. 10 daa.

Løyvet gjev rett til oreigning av bruksrett for følgjande areal:

- *Kraftledningsgaten*

En ca. 7,3 km lang 132 kV kraftledning mellom Klovning transformatorstasjon og Haugaland Næringspark som består av:

- Ein ca. 200 meter lang jordkabel frå Klovning transformatorstasjon til ny dobbelkurs kabelendemast på vestsida av Fylkesvei 780/Førlandsvegen. Klausuleringsbeltet vil vere om lag 6 meter. Retten omfattar òg rydding av skog i traseen i driftsfasen.
- Ein om lag 780 meter lang 132 kV leidning frå ny dobbelkurs kabelendemast på vestsida av Fylkesvei 780/Førlandsvegen til Apeland. Klausuleringsbeltet vil vere om lag 29 meter. Retten omfattar òg rydding av skog i traseen i driftsfasen.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



- Ein om lag 4,7 km lang 132 kV leidning frå Apeland til kabelendemast ved Haugaland Næringspark. Klausuleringsbeltet vil vere ca. 29 meter. Retten omfattar òg rydding av skog i traseen i driftsfasen.
- Ein om lag 1,7 meter lang jordkabel som innføring til Haugaland Næringspark transformatorstasjon. Klausuleringsbeltet vil vere om lag 6 meter. Retten omfattar òg rydding av skog i traseen i driftsfasen.
- Naudsynt tilkomst, ferdsel og transport. Dette gjeld mellom anna rett til tilkomst, ferdsel og transport av utstyr, materiell og mannskap på eksisterande privat veg mellom offentleg veg og leidnings-/stasjonsanlegg, i terrenget mellom offentleg eller privat veg fram til leidningsanlegga og terrengtransport i leidningstraseen. Bruksretten gjeld òg for uttransportering av tømmer som vert hogd i traseen, naudsynt transport som følgje av riving av eksisterande leidningar og uttransportering av gammalt materiell. Bruksretten gjeld òg landing med helikopter.

Kraftleidningstraseen skal i det vesentlege vere som vist med blå og rød strek på vedlagt kart merket 66(132) kV –leidning Klovning–Haugaland Næringspark – vedlegg 1b, oversiktskart, datert 18. februar 2019 i målestokk 1:20 000.

Transformatorstasjonens plassering går frem av situasjonsplan merka Ny 66/132 kV trafostasjon i Næringsparken, datert 9. august 2019.

NVE føreset at Haugaland Kraft Nett freistar å kome fram til minnelege ordningar grunneigarar/rettshavarar som vert råka. Det er ein føresetnad at De gjev melding til grunneigarar/rettshavarar om oreigningsløyvet, jf. forvaltningslova kap. V. Vi ber om at vedlagde orienteringsbrev med NVE si påteikning vert sendt grunneigarar og rettshavarar snarast.

Det er mogeleg å klage på avgjerda, sjå orientering om rett til å klage på siste side i vedlagte brev. Eventuelle klagar vert sendt til dykk for uttale før saka vert lagt fram for Olje- og energidepartementet.

Oreigningsløyvet fell vekk dersom det ikkje er sett fram krav om skjøn innan eitt år frå endeleg vedtak, jf. oreigningslova § 16.

Med helsing

Inga Katrine Johansen Nordberg
direktør

Lisa Vedeld Hammer
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

